

Sakshandsamar:

Kristin Rundsveen

E-post: Kristin.Rundsveen@sfj.no

Tlf.: 90890713

Vår ref.

Sak nr.: 17/4900-6

Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Internt l.nr.

24564/17

Dykkar ref.**Dato**

LEIKANGER, 19.06.2017

Spørsmål frå Trude Brosvik om skuleskyss

«Fleksibel skuleskyss»

På eit møte som KrF arrangerte om «Skulen i Gulen», vart eg gjort merksam på ei problemstilling som eg trur vi, som fylkespolitikarar, kan løyse.

Konkret i dette tilfellet var det elevar ved Byrknes skule, som kjem frå Mjømna og Sandøy og som brukar buss til og frå skulen. Ei teneste fylkeskommunen gir og som kommunen betaler bussbilletten for.

Dersom elevane vert igjen etter skulen for å vere med på korpsøving, fotball eller andre aktivitetar og tar ein seinare buss heim, så må dei sjølve betale for bussen.

Det er få tilbod til born og unge i mange av kommunane våre, og truleg mindre jo lenger vekk ein kjem frå eit senter. Mange stader går det berre ein buss for dagen, og det er skuleruta.

Men dei plassane det går fleire ruter, og det ikkje er snakk om så mange reisande at skuleborna vil ta opp plassane for «ordinære» passasjerar, så burde det gå an å vere så fleksible at borna fekk nytte den bussen som høvde best.

Eg vil tru det ikkje er veldig mange stader det gjeld, og at det enkelt kan la seg gjere å ordne. Og om argumentet skulle vere at det ikkje kan gjerast fordi det blir vanskeleg på større stader, kunne vi ikkje då vore villege til å gje borna i dei mest spreiddbygde distrikta denne handsrekninga?

Vi veit jo at skyss og skyssutgifter er eit stort hinder for frivillig aktivitet og kulturelle samlingar i deler av fylket.

Kva endringar må eventuelt gjerast for å få dette til?

Vil Fylkesordføreren følgje opp saka med sikte på at Sogn og Fjordane fylkeskommune vil legge til rette for ein slik fleksibilitet i skuleskyssen?

Trude Brosvik